



Statens vegvesen

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/9518-8

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.09.2018

Svar – Tekniske teikningar – Avkøyrsløse – Fv. 407 – gnr. 88 bnr. 103 m.fl – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til tekniske teikningar mottatt 29.07.2018.

Saka gjeld opparbeiding av ny avkøyrsløse til bustadfelt på Sæbø, gnr. 88 bnr. 103 i Radøy kommune. Avkøyrsløse er regulert gjennom reguleringsplan for Sæbø.

Reguleringsplanen legg til rette for at fylkesvegen skal sideforskyvast, medan teikningane vi har fått tilsendt syner ei tilpassing til dagens situasjon. Som følgje av dette vert det mellom anna konflikt mellom fysisk stenging av vegen og ny tilkomstveg til gnr. 88 bnr. 15.

Vi har følgjande konkrete tilbakemelding:

- Tilsendt plan- og profildeikning syner at lengdeprofilen starter med fall i senter av fylkesvegen. Det må sendast inn ny teikning som viser eit lengdeprofil der berekning av fallet starter frå kvitstripe / vegkant (*C-teikning jf. Handbok R700*). Det bør vere eit jamt fall bort frå vegen på minimum 2,5% dei første meterane.
- Det må synast ei løysing for utforming og overlapp mellom ny avkøyrsløse og fylkesvegen (overbygning), for å unngå langsgående setning / sprekker i asfalt veg vegskulder (*F-teikning jf. Handbok R700*).
- Sidan fylkesvegen ikkje vert sideforskyvd må tilkomstveg til gnr 88 bnr 15 leggest mellom P30 og P40. Dette slik at ein oppnår ein viss avstand mellom fylkesveg og tilkomstveg.
- Eksisterande avkøyrsløse skal stengast fysisk. Det må gjerast greie for korleis dette skal utførast og utformast.
- Det må gjerast greie for handtering av overvatn frå vegen, sidan avkøyrsløse ligg i ein bakke med tverrfall mot den nye avkøyrsløse. Vi ber om at det vert sendt inn ei teikning som syner plan for drenering (*G-teikning jf. Handbok 700*).

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- Det må lages ein skilt- og oppmerkingsplan for avkøyrsla (*L-teikning jf. Handbok R700*).

Dersom det spørsmål eller kommentarar til dette, kan de ta kontakt med Marian Barsnes, 555 16457 eller 412 07987.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER